



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Svanhild Aksnes, 5557 2160

Vår dato
13.11.2014
Dykkar dato
20.10.2014

Vår referanse
2014/12618 523.0
Dykkar referanse
14/1029

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Høyringsvar frå Fylkesmannen i Hordaland - Forslag til endringer i forskrift om regulering av svine- og fjørfeproduksjonen

Viser til brev frå departementet, datert 22. september 2014, om forslag til endringar i forskrift om regulering av svine- og fjørfeproduksjonen med høyringsfrist 14. november 2014. Fylkesmannen i Hordaland har følgjande innspel:

Auke i konsesjonsgrensene for slaktekylling og kalkun

Fylkesmannen i Hordaland meiner at den føreslegne auken i konsesjonsgrensene er for stor. Føreslaget inneber ei dobling av konsesjonsgrensene for slaktekylling og kalkun, dette er ein drastisk auke. Vi kan heller ikkje sjå at behovet for denne auken i konsesjonsgrensene er godt grunngeve eller at konsekvensane er utreda. Det er vekst i marknaden for fjørfekjøtt, men per i dag er det større produksjonskapasitet på eksisterande driftsbygningar enn behovet er i marknaden. Det kan likevel tenkast at det er behov for ein viss auke i konsesjonsgrensene framover.

Føremålet med lov om regulering av svine- og fjørfeproduksjonen er å leggje til rette for spreing av produksjonen på fleire einingar. Ein drastisk auke i konsesjonsgrensene byggjer ikkje opp om føremålet med lova.

Ved stor auke i konsesjonsgrensene og dersom føreslege fjerning av eigarskapsavgrensingane i forskrift om produksjonstilskot (i §4 i dagens forskrift om produksjonstilskot) vert innført frå 2015, ser vi dette samla som svært uheldig. Slike endringar trur vi vil leggje til rette for vertikal integrasjon. Med dette meiner vi at større selskaper kan få eigarinteresser heilt frå primærproduksjon til sal av produkt gjennom store matkjeder.

Landbruket i Hordaland er samansett i bruksstorleik, men med ein klar overvekt av relativt små landbrukseigedommar. Vi har ikkje mange bruk med konsesjonsregulert produksjon i fylket vårt. Ein viktig hindring for nyetablering og utviding av konsesjonsbelagt produksjon er tilgang på spreieareal. Sjølv i dag kan det vere problematisk for føretak i Hordaland å sikre god avsetning på gjødsla, grunna lite etterspørsel etter husdyrgjødsel og lite ledig eigna spreieareal nær føretaka. Gjødseltransport over lengre strekningar utgjør ein meirkostnad i produksjonen, i tillegg til at gjødseloverskotet gjev auka risiko for miljøproblem. Ved dobling av konsesjonsgrensene vil det bli vanskeleg å sikre god bruk av fjørfegjødsel, og svært få produsentar i Hordaland har difor høve til å utnytte ny konsesjon ved øvre grense slik som føreslege. Dobling av konsesjonsgrensene for slaktekylling og kalkun vil såleis verke

hemmande for utvikling og etablering av slik produksjon i Hordaland. Vi vil heller ikkje ha moglegheit til å ta ut ein effektiviseringsgevinst på linje med andre deler av landet ved ein dobling av konsesjonsgrensene.

Nye satsar for standardisert erstatning

Fylkesmannen i Hordaland meiner at det er positivt med endringar i erstatningssatsane slik at dei minimum svarer til den vinninga på den ulovlege produksjonen. Fylkesmannen i Hordaland har ikkje rekna konkret på satsane, men vi ber departementet leggje vekt på høyringsuttaler som kjem med tilbakemelding om at dei nye satsane er sett for låge. Det er viktig at den standardiserte erstatninga vert sett høgt nok til at det effektivt hindrar overproduksjon. Det bør og vere mogleg å berekne standardisert erstatning skjønnsmessig. Dette kan vere aktuelt der Fylkesmannen finn at dekningsbidrag hjå den aktuelle produsenten overstiger standardisert erstatning, noko som heilt sikkert er aktuelt i enkelte spesialproduksjonar.

Nytt tredje ledd i §8

Fylkesmannen i Hordaland meiner det verkar fornuftig at erstatninga for tal purker kan bereknast ut frå lengda på perioden med for mange innsatte purker. Likevel ser vi at den føreslegne endringa vil krevje meir rekning og grubling hjå forvaltninga. Dette vil ikkje vere ein forenkling og vil i tillegg medføre risiko for ulik handheving i ulike fylker. Vi meiner difor at det heilt klart er enklare å nytte faste satsar, både for produsent og forvaltning. Kan ein eventuelt innføre ein todelt sats, heil og halv, der halv sats vert nytta dersom perioden med for mange innsatte purker, er kortare enn eit halvt år? På denne måten kan standardisert erstatning bli noko lågare når perioden med for mange purker er kort, men utan at forvaltning og produsent får vanskar med å fastsetje storleiken på beløpet.

Oppheving av §6

Fylkesmannen i Hordaland kan ikkje sjå at dette har nokre praktiske konsekvensar for oss og har ingen kommentar til endringa.

Endringar i dyrevelferdsregelverk

Fylkesmannen er positiv til at eventuelle endringar i konsesjonsgrensene vert følgde av justeringar i anna regelverk slik at ein sikrar at dyrevelferden vert ivareteke minimum like godt som i dag.

Med helsing

Åse Vaag
Landbruksdirektør

Svanhild Aksnes
Fylkesagronom husdyr

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.